

## Sak 2012/04 Oppretting av Klinisk samhandlingsutval for fagområdet svangerskap, fødsel og barselomsorg

---

Saksbehandlar: Avdelingssjef Janita Skogeng  
Arkivreferanse: 2012/631

Møtedato:  
11.04.2012

---

### Saksutgreiing:

#### Bakgrunn

Helhetlig plan for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg i Midt-Norge er utarbeida på oppdrag frå Helse- og Omsorgsdepartementet. Den helhetlige planen er utarbeida i fellesskap mellom regionalt helseføretak, lokale helseføretak og kommunane, og ble vedtatt av det regionale styret i Helse Midt-Norge hausen 2011. Planen er ein fagplan og beskriv grunnlaget for eit helsefagleg trygt, likeverdig og forutsigbart tilbod til gravide og deira familiar i Midt-Norge. Nasjonale retningslinjer og anbefalingar ligg til grunn.

Implementering av helhetlig plan forutsett at tiltaka forankras i avtalar mellom helseføretaka og kommunane. Dette tenkas løyst gjennom avtalar inngått som ein del av Samhandlingsreformens avtaleinngåing i fase 2.

Det anbefalas at gjennomføring av tiltak som har betydning for begge forvaltningsnivå besluttet av dei administrative samarbeidsorgana.

Vidare anbefalast det å opprette eit klinisk samarbeidsorgan for fagområdet svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg. Det kliniske samarbeidsorganet har til hensikt å etablere ein felles arena kor faglege problemstillingar som vedkjem begge forvaltningsnivåa kan diskuteras. Samarbeidsorganet har ikkje beslutningsmyndighet, men skal

- Utarbeide forslag til innhald i prosedyrar og krav som er foreslått i planen
- Diskutere avvik og kvalitetsforbedringer
- Legge til rette for felles kompetanseutvikling

Klinisk samhandlingsutval får sitt mandat frå ein regional styringsgruppe som er oppnemnt av regionalt helseføretak for å sikre felles utforming og konkretisering ved implementering av Helhetlig plan.

#### Aktuelt

Avdeling for fødselshjelp og kvinnesykdommer og Kvinneklinikken i HMR er ansvarleg for framdrift i implementeringa av Helhetlig plan. Vi ber derfor om at Overordna samhandlingsutval oppnevner eit Klinisk samhandlingsutval for fagområdet så snart som mogleg.

Det Kliniske samhandlingsutvalet skal være samansett av representantar frå helseføretak og kommunar, og ha ein tverrfagleg og geografisk samansetting som gir god forankring i grunnlaget for planen om likeverdige og forutsigbare helsetenester.

## Overordna samhandlingsutval Møre og Romsdal

Med det som utgangspunkt foreslås at samhandlingsutvalet består av 4 representantar frå helseføretaket med ledelses-, medisinsk og jordmorfaglig ansvarsområde. Frå kommunane foreslås det oppnemnt 8 representantar med tverrfagleg og geografisk samansetting. Med tverrfaglig meines representasjon av kommunelege, -jordmor og helsesøster. Geografisk ønskjer ein at representasjonen skal gjenspeile både by og distrikt.

Overordna samhandlingsutval bes om tilslutning til forslaget om samansetting i Klinisk samhandlingsutval, og om at kommunesamansluttingane får i oppdrag å oppnemne 4 representantar frå Sunnmøre regionråd, 2 representantar frå Orkidé og 2 representantar frå ROR. Representantar frå helseføretaket oppnemnes av administrerande direktør i samråd med dei kliniske avdelingane.

### **Forslag til vedtak:**

Overordna samhandlingsutval stiller seg bak ønskje om å opprette Klinisk samhandlingsutval for fagområdet svangerskap, fødsel og barselomsorg med den samansettinga som er foreslått i saksframlegget.

Overordna samhandlingsutval ber partane utnemne representantane raskt. Helseføretakets representantar tek initiativ til første møte i utvalet før sommaren 2012.

Britt Rakvåg Roald  
samhandlingssjef